

## Referat etter møte 2/13 i Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

**Tid:** 12.nov 2013 kl 14.30 – 16.30

**Stad:** Skei Hotell, Skei i Jølster

Desse møtte:

Nils Magne Gjengedal  
Julie Sotnakk Aaland  
Kjell Oddvin Hjellbrekke  
Olav Svoen  
Malvin Barlund  
Tore Humstad  
Ole Gimmestad  
Lars Indrebø  
Ola Tarjei Kroken  
Rune Holen  
Alf Erik Røyrvik (referent)

Meldt ikkje møtt:

Representant frå Reisemål Stryn og Nordfjord

Ikkje møtt:

Representant frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Ole B. Årdal

---

### Sakliste:

#### 1. Opning av møtet, godkjenning av innkalling og sakliste

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik opna møtet. Utvalet hadde ingen merknader til innkalling og sakliste. Møtet valde Alf Erik Røyrvik til ordstyrar.

#### 2. Styret og forvaltar informerer om saker og forvaltning sidan førre møte

Verneområdeforvaltaren (VOF) informerte om saker og forvaltning sidan førre møtet i Fagleg Rådgjevande utval (FRU) som var 30. mai.

Sidan den gong har styret hatt eitt møte og arbeidsutvalet hatt eitt møte. Det har blitt handsama to motorferdselsaker, nokre administrative saker og søknader om tiltaksmidlar.

VOF informerte om status på forvaltningsplan. Miljødirektoratet har gjeve tilbakemelding på utkast som er sendt til fagleg godkjenning. Direktoratet har satt krav om ein del endringar, mellom anna på struktur. Dette vil verte jobba med no når «sesongen» for fysiske tiltak er ferdig.

### 3. Tiltak i 2013

Verneområdeforvaltaren synte bilder og informerte om dei tiltaka som har blitt gjennomført til no i 2013:

- Stiarbeid med Sherpa langs Stegsvatnet
- Klopplugging ved Vonavatnet
- Granuttak i Naustedalen
- Parkeringsplassar i Instedalen
- Sikringsarbeid på stien til Ryssdalshorn

I tillegg tiltak som er starta på, men ikkje ferdig:

- Klopplugging i Gjengedalen
- Informasjonsfilm (Mo og Jølster vgs, medialinje)

### 4. Tiltak i 2014 - tankar frå forvaltninga og innspel frå utvalet

Tiltak som forvaltninga har «på blokka» for 2014 og åra framover:

- Buføringsveg i Traudalen
- Parkeringsplass i Ryssdal
- Uttak av gran
- Bru ved utløpet av Vonavatnet
- Skjøtsel Nesstølen
- Jobbe vidare med stiane vi har jobba med i 2013
- Skjøtsel Arnestadtølen
- Kartlegging av naturverdiar
- Mobilmast / reletstasjon for å betre dekning i Naustedalen

I tillegg vil forvaltninga jobbe vidare med:

- Informasjons- og marknadsføringsarbeid
- Støtte og rådgjeving for prosjekt og aktørar innan verdiskaping

Innspel frå utvalet til lista over tiltak:

- Behov for bruer og tursti i Angedalen, rundt Botnavatnet
- Innmeldt behov for utbetring av sti i Breidalen

### 5. Motorferdsel i verneområdet - status og praksis i forvaltninga

VOF synte kart og oversikt over motorferdselløyver og trasear som er i bruk i landskapsvernområdet, og gjekk gjennom dei ulike behova og føremåla bak motorferdselløyyva.

VOF vil gå i dialog med beitenæringa og freiste å få til samkoordinering av dei behova beitelaga har for transport av saltstein. Dersom ein kunne få samla denne transporten og fått den gjennomført med helikopter, ville ein redusere den samla motorferdsla ganske mykje.

VOF skal undersøke om forvaltninga har høve til å støtte dette med midlar. Utvalet er positive til denne løysinga.

Hjelpekorpsa har enno ikkje sendt inn øvingsplan/søknad for kjentmannskøyning. Dei skal innom lokal redningssentral (politiet), før dei då kjem til verneområdestyret. VOF vil i utgangspunktet verne kalvingsområda for villrein etter 15. mars.

## 6. Innspel frå utvalet til styret og forvaltninga - runde rundt bordet.

Utvalet tok ei runde rundt bordet, og dei respektive representantane kom med innspel til forvaltning og styre.

### Nordfjord folkehøgskule:

Positive til at det vert satsa på tilrettelegging for friluftsliv i form av parkering, merking med meir.

### Førdefjella villreinutval:

Villreinutvalet er bekymra for auke i motorferdsel som kan komme etter signala frå den nye regjeringa. Det er viktig å skåne leveområda til villreinen for motorferdsel i størst muleg grad.

### Olav Svoen – Naustdal:

- Det er ønske om å få kartlagt småviltressursen i området. Grunneigarane er bekymra for dårlege bestandar. Vurdere tiltak for å styrke småviltbestandane.
- Det er behov og ønske for betre mobildekning i Vonaområdet og innover dalen mot Longevasstranda.
- Det bør vurderast grundig om klopplegging og liknande tiltak er i tråd/strid med verneføremål og verneverdiar.

### Indre Sunnfjord turlag:

- Ønske om betre mobildekning i verneområdet.
- Behov for bru aust for Longevasshytta.
- Positive til at det vert satsa på tilrettelegging.

### Ole Gimmestad – Sørstranda:

- Ønske om å kunne bruke elektrisk motor på vatnet i Langedalen. Elektrisk motor er utan støy og utan utslepp og bør kunne nyttast av grunneigarane.
- Tilrettelegging for brukarar bør prioriterast

### Nils Magne Gjengedal – Hyen:

- Tilrettelegging bør prioriterast
- Det er behov for vedlikehald av tidlegare stiutbetring langs Storevatnet, og å jobbe vidare med denne traseen.
- Det bør prioriterast å gjere ferdig prosjekt og tiltak som er starta opp.

### Lars Indrebø – Førde:

- Behov for bruer og sti ved Botnavatnet (sjå og sak 4.)
- Tilrettelegging bør prioriterast. Merking, rydding og skilting er viktige og nyttige tiltak.

### Sunnfjord Næringsutvikling:

- Tilrettelegging bør prioriterast.
- Det bør satsast på næringsutvikling, korleis ein kan bruke landskapsvernområdet i næring og verdiskaping.

VOF tek desse innspela vidare til styret og tek dei til orientering med omsyn til vidare sakshandsaming.

## 7. Ymse

Ingen saker